

Alver Kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dykkar ref.

Vår ref.
23/7037-2

Dato:
11.04.2023

Høyringsuttale - Alver sin kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv
Øygarden kommune har laga høyringsinnspel til Alver sin kommunedelplan for kultur, idrett og frivilligheit. Ref: 21/6449 - 23/16246.

Alver kommune har utforma ein kommunedelplan for kultur, idrett og frivilligfeltet som svarer godt til utfordringsbilde planen teikner opp.

Mykje av dei samfunnsmessige utfordringane er kjente utfordringar også i Øygarden og løysingene Alver har valt i handlingsdelen, som skal rullerast kvar 4 år er treffsikker og viser både ei god breidde og dybde.

Felles for både Alver og Øygarden er bl.a. demografi, nyleg samanslåing av tre kommuner til ein større samt lange og sterke kysttradisjonar.

Det er mykje god strilakultur ta vare på å løfta saman, planen peiker på fleire satsingspunkt kor IKKUS samarbeidet blir trekt inn for å vise at interkommunalt kultursamarbeid kan bidra i utviklinga. Øygarden kommune er svært positiv til å styrke IKKUS samarbeidet slik Alver sin kommunedelplan for kultur, idrett og frivilligheit foreslår. Øygarden kommune ser det som ett godt grep å satse på utviklingsverktøy i samskaping med frivilligheita, publikumsutvikling, arrangementsutvikling, deling av kunnskap og kompetanse.

Å samarbeide i regionale utviklingsprosjekt for å løfta kulturfeltet i kystkommunane er eit viktig interkommunalt kultursamarbeid.

Planen peikar også på kulturturneringa som innsatsfelt i kystkommunen. Å arbeida på tvers av kommunane for å bygge sterkare opplevingskulturar langs kysten er eit viktig og godt grep.

Det er flott å sjå at frivilligsentralane er synleggjort som lokale møteplassar og viktige utviklingsdrivarar. Alver slår fast at frivilligsentralane skal vere den fremste fagressursen for frivilligheit og skal koordinere behov og moglegheter i samarbeidet med koordineringsfunksjonar i ulike kommunale tenester.

Besøksadresse
Øygarden rådhus
Foldnesvegen 1
5354 STRAUME

Postadresse
Ternholmvegen 2
5337 RONG

Kontonummer
1506.24.29981
Organisasjonsnummer
922 53 0890

E post
postmottak@oygarden.kommune.no
Telefon
56 16 00 00

Øygarden kommune ser med interesse på koplinga mellom kulturskulen og lokal tradisjonskultur, og støttar ideen om å etablere interkommunale samarbeid om talentprogram i kulturskulen.

Øygarden kommune har same behov for å utvikle ungdomsklubbene som arena for sosial gaming, i samarbeid med tilboda i frivilligheita. Dette er ei satsing som tek ungdomskulturen på alvor og lytter ut behova i kulturen i dag.

Alver har prioritert nynorsk som utgangspunkt for kulturfestivalutvikling for å ta nynorsk inn i regional og nasjonal samanheng for alle aldre. Dette er ei interessant satsing som Øygarden ønskjer å gå i dialog med Alver om. Vi er begge nynorsk kommuner.

Kysten knyter oss saman og gjennom IKKUS samarbeidet ser vi fram til vidare kompetanseutveksling, erfaringsdeling og gjennomføring av nye tiltak i fellesskap.

Med helsing

Christel Møvik-Olsen
kulturleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur